

DALBYGDA VINDKRAFT AS
c/o Øyvind Hellerslien Dalbygda 115
5567 SKJOLDASTRAUMEN

Vår dato: 13.05.2020
Vår ref.: 201103633-97
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Dalbygda Vindkraft AS - avslag på søknad om utsett frist for idriftsetting av Dalbygda vindkraftverk, Tysvær kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 07.10.2019 og 10.12.2019 frå Dalsbygda Vindkraft AS om utsett frist for idriftsetting av Dalbygda vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2022. Dalbygda vindkraftverk er lokalisert i Tysvær kommune, Rogaland fylke.

Endeleg anleggskonsesjon for Dalbygda vindkraftverk vart tildelt Dalbygda Kraftsenter AS av Olje- og energidepartementet (OED) den 06.04.2017. I konsesjonsvilkår nr. 1 vart det sett frist om idriftsetting av anlegget innan 31.12.2020.

Historikk

Dalbygda Kraftsenter AS sendte melding til NVE om Dalbygda vindkraftverk 14.06.2011. På bakgrunn av meldinga fastsatte NVE eit utgreiingsprogram 14.06.2012.

NVE fekk tilsendt konsesjonssøknaden til Dalbygda vindkraftverk 18.02.2013. Den vart sendt ut på høyring 05.09.2013 og fekk konsesjon 15.12.2014. Konsesjonsvedtaket vart påklaga av tre klagepartar og oversendte OED for behandling den 27.03.2015. OED opprettheld vedtaket til NVE med kommentar om at tiltakshavar måtte ha avklart nettsituasjonen med regionalnettseigar og nødvendig konsesjon for nettilknytning måtte føreligga før bygging kunne starta.

Bakgrunn

Dalbygda Vindkraft AS grunngjev søknaden om utsett frist for idriftsetting av Dalbygda vindkraftverk med at det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet i kraftnettet til å kopla til vindkraftverket før tidlegast i 2022. Haugaland Kraftnett (HKN), som er regionalnetteigar i området, søkte 04.06.2019 om konsesjon til å bygga ein ny 66 (132) kV dobbelleidning mellom Ølen – Våg – Bratthamar som vil gi tilstrekkeleg kapasitet til å knyta til Dalbygda vindkraftverk via Åmsosen - Vikedal - Ølen. Søknaden til HKN er til handsaming hjå NVE og er snart klar for utsending.

I eit notat frå 05.12.2019 skriv HKN at Ølen – Våg - Bratthamar kan vera ferdig i løpet av 2022, men at framtidsplanen er stram og dei ikkje kan sjå vekk frå ytterlegare forseinkingar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Dalbygda Vindkraft AS viser også til at NVE i bakgrunn for vedtak til konsesjon den 15.12.2014 skriv følgende: «*Vedtak om konsesjon for nettilknytning av Dalbygda vindkraftverk kan tidligst treffes når nødvendige utredninger av regionalnett foreligger eller når nødvendige konsesjonsøknader av regionalnettet tas til behandling i NVE.*»

I samband med søknad om endra frist for idriftsetting vart det også søkt om å overføre eigarskapet frå Dalbygda Kraftsenter AS til Dalbygda Vindkraft AS. NVE vurderer denne endringa som ei namneendring som ikkje utløyer behandling i medhald av energiloven.

NVEs vurdering

NVE konstaterer at Dalbygda Vindkraft AS har søkt om utsett idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2022, eit år utover fristen for å ta del i elsertifikatmarknaden. Før arbeidet med tiltaket eventuelt kan byrja står følgende løyver frå energimyndighetene att: endeleg konsesjon for 66 (132) kV kraftleidninga Ølen – Våg – Bratthammar, nettilknytning frå vindkraftverket til den nye 66 (132) kV-leidninga, godkjent detalj- og MTA-plan for både vindkraftverket og kraftleidninga og eventuelle konsesjonsendringar.

Med dette som utgangspunkt viser me til vårt brev av 27.11.2019 til vindkraftkonsesjonærene kor det blant annet står:

«Når elsertifikatorordningen avsluttes, er det imidlertid grunnlag for å avslutte praksisen med å gi forlengelse av idriftsettelsesfristen. Teknologiutvikling og oppdatert kunnskapsgrunnlag om virkninger av vindkraft, jf. kunnskapsgrunnlaget i forslaget til nasjonal ramme for vindkraft, samt føringene i Stortingsmelding 25 (2015-2016) Kraft til endring - Energipolitikken mot 2030, tilsier også at fristene for idriftsettelse ikke bør forlenges ut over fristene i elsertifikatorordningen. Dermed blir det også sammenfall mellom idriftsettelsesfristen og fristen for elsertifikater. NVE vil framover legge dette til grunn ved behandling av søknader om forlenget frist for idriftsettelse for landbasert vindkraft. Dersom anleggene ikke er bygget innen frist for idriftsettelse, kan ikke prosjektet realiseres. Det må søkes ny konsesjon med oppdaterte utredninger med utgangspunkt i dagens teknologi dersom prosjektet ønskes videreført.»

NVE sitt vedtak

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4, andre ledd, gir NVE Dalbygda Vindkraft AS avslag på utsett frist for idriftsetting av Dalbygda vindkraftverk til 31.12.2022. Med bakgrunn i utdraget frå NVE sitt brev over, finner me det ikkje realistisk at prosjektet kan rekka den omsøkte fristen for idriftsetting 31.12.2022, og har i vedtaket lagt avgjerande vekt på dei vurderingar som kjem fram i vårt brev til konsesjonærene datert 27.11.2019. I brevet kjem det fram at: «Dersom anleggene ikke er bygget innen frist for idriftsettelse, kan ikke prosjektet realiseres. Det må søkes ny konsesjon med oppdaterte utredninger med utgangspunkt i dagens teknologi dersom prosjektet ønskes videreført».

Klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.



Med helsing

Rune Flatby
Direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland
Tysvær kommune